



Tevlingar av alle slag i påska er in, og SPAR i Uskedalen har sin. Ideen om den kom ifrå to av dei mange kreative medarbeidarane i staben: Jeaneth Rangsæter og Lena Musland.

Tevlinga går over to dagar, tysdag og onsdag, og går ut på at kundane skal finna ein liten påskekylling som er gøymt ein stad i vareutvalget. Dei som finn kyllingen blir notert i kassa og bortimot stengt tid kvar dag blir det trukke ut ein vinnar. Og premein er ikkje unaturleg eit påske-egg fylt med masse godis.

Tysdag var det Torstein og Tørres Myklebust på Korsnes som vann egget og her står dei med kylling og egg saman med idemakar Jeaneth.

Tevlinga har utløyst stort engasjement frå kundane og kanskje handlar dei meir enn dei har planlagt?

(Foto: Ola Matti Mathisen)